

Kommunedelplan Fysisk aktivitet 2017-2020 (2025)



Kultureininga Bremanger kommune

Vedteken av kommunestyret 15.12.2016

Forlenging av planperiode vedteken 17.12.2020

Ny forlenging av planperiode til 01.01.2026 vedteken 15.10.2024

Innholdsliste

Kommunedelplan	1
Føreord	2
Kapittel 1 - Oversyn realiserte anlegg i perioden 2012-2015 (2016)	4
Kapittel 2- Visjon, Mål, Delmål	5
Kapittel 3- Utfordringar for å nå måla	6
Kapittel 4- Satsingsområde, aktør, tiltak	7
Kapittel 5– Behov og tiltak for aktivitet og anlegg	8
Kapittel 6- Skildring av nå - situasjonen	14
Kapittel 7- Handlingsprogram tiltak – behov for fysisk aktivitet	15
Kapittel 8- Handlingsprogram ordinære anlegg	16
Kapittel 9- Handlingsprogram nærmiljøanlegg	16
Kapittel 10- Oversikt uprioriterte ordinære anlegg	17
Kjelder	18

Føreord

Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er ein del av det kommunale plansystemet og har sin hovudrullering kvart 4. år, i tillegg til ein årleg rullering av handlingsprogrammet. Vedtatt kommunedelplan og årleg rullering av handlingsprogrammet er en føresetnad for at idrettsanlegg kan bli tildelt spelemidler. I Bremanger har vi gjort prosessen hausten 2016. Vi har valt å endre fokus i forhold til tidlegare plan, og kommunedelplan for fysisk aktivitet 2017-2020 er ein plan som både seier noko om anleggsituasjonen i kommunen, men den seier også noko om aktivitet og behov for aktivitet framover. Denne delen av planen er litt lite konkret, men vi har håp om at både kommunale og frivillige aktørar vil ha innspel utover i planperioden som kan rullerast inn suksessivt.

Innleiing, planprosess og bakgrunn for kommunedelplan fysisk aktivitet

Kva fysisk aktivitet?

Fysisk aktivitet er kjelde til glede, overskot og meistring.

Fysisk aktivitet er leik, naturopplevingar, konkurranse og spenning.

Fysisk aktivitet førebyggjer sjukdom og gjev betre helse gjennom heile livet.

Planprosessen

- Vedtak om revisjon – forlenga vedtak om full revisjon/rullering des. 2015
- Oppstartsmøte 10. mai 2016 med leiing, administrasjon, lag og organisasjoner, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Forum for natur og friluftsliv (FNF) og idrettskrinsen. På dette møtet var det eit dagmøte og på kveldstid eit diskusjonsmøte for frivillig sektor.
- Kunngjering på nettsida til kommuna og brev ut til lag og organisasjoner
- Styringsgruppe har hatt 3 møter og var samansett slik;

- Idrettsrådet v/Svein Arne Sandvik
- Turlag v/ Kirsten Grotle
- Kystlag v/ Lars Olav Rylandsholm
- Bygdelag v/ Kjell Leirgulen
- Politisk utpeika Jan Andre Bolset
- Elevrådsleiar Svelgen oppvekst Simen Svarstad
- Kultureininga v/ Espen Frøysland og Bodil Strømmen Edvardsen
- Arbeidsgruppe har hatt 2 møter og er samansett tverrfagleg slik;
 - Teknisk v/ Gunnar Yttrehus
 - Helse v/ Karine H. Igland
 - Oppvekst v/ Carina E. Solvåg
 - Kultur v/ Espen Frøysland og Bodil Strømmen Edvardsen
- Workshop med ungdomsskuleelevene frå Davik, Hauge og Svelgen.
- Innspel og koordinering frå ulike er implementert av kultureininga
- Dialog med lag og organisasjonar, teknisk, oppvekst, helse og omsorg.

Som grunnlag for plan er det brukt innspel frå oppstartsmøte, teknisk, oppvekst, helse og omsorg, workshop hjå ungdomsskuleelevene, lag og organisasjonar og allmenta.

Utkast til kommunedelplan fysisk aktivitet vart lagt ut på høyring i veke 43

Etter høyring er innspel innarbeida.

Kommunedelplan fysisk aktivitet godkjent i KST vedtak 15.12.2016

Driftseining kultur vil ta med seg innspel, kommentarar, idear og informasjon vidare inn i resten av kommunen sitt planarbeid. Kommunestyret vedtok 17.12.2020, sak KST-087/20, å forlenge planperioden fram til 01.01.2023, med nokre små endringar i planen. På grunn av organisatoriske endringar er det ikkje blitt uarbeidd ny kommunedelplan, og kommunestyret vedtok 15.12.2022, sak KST-061/22, å forlenge planen ytterlegare fram til 01.01.2024.

Bakgrunn/føringar for planen

Statlege føringar for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv er delt på fleire departement:

- Kulturdepartement har ansvar for den statlege politikken og forvaltninga på område kultur, idrett, frivillig verksemd, pengespel og lotteri.
- Miljødepartement har ansvar for den statlege friluftspolitikken
- Helse- og omsorgsdepartement brukar fysisk aktivitet som eit verkemiddel i det førebyggjande og rehabiliterande helsearbeidet.
- Barne-, likestilling- og inkluderingsdepartement har ansvar for barn og unge sine oppvekst- og levekår, familie og samliv og integrering av innvandrarar.

Kulturdepartement krev at kommunen utarbeide samla plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv som grunnlag for tildeling av spelemidlar. Planen skal m.a. innehalde eit prioritert handlingsprogram for den kommande 4-årsperioden og ein uprioritert del for langtidsplan.

I PBL § 20 – 1 står det: «Kommunene skal utføre en løpende kommuneplanlegging med sikte på å samordne den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utvikling innenfor sine områder.»

Folkehelsearbeid og kommunane sitt ansvar

Kommunane er i lov om folkehelsearbeid pålagt eit særleg ansvar for befolkninga si helse. I arbeidet med kommunedelplanar skal kommunane fastsetje overordna mål og strategiar for folkehelsearbeidet som er eigna til å møte dei utfordringane kommunen står overfor.

Kommunen skal fremja befolkninga si helse, trivsel, sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebyggja psyisk og somatisk sjukdom, skade eller liding, bidra til utjamning av sosiale helseskilnader og bidra til å verna befolkninga mot faktorar som kan ha negativ verknad på helsa.

Kommunen skal fremja folkehelse innan dei oppgåver og med de verkemiddel kommunen er tillagt, m.a. ved lokal utvikling og planlegging, forvaltning og tenesteyting.

Kommunen skal medvirke til at helsemessige omsyn vert teke vare på av andre styresmakter og verksemdar. Kommunen bør leggja til rette for samarbeid med frivillig sektor og andre aktørar. Kommunen skal utarbeide eige folkehelseoversiktsdokument.

Bremanger kommune har utarbeida folkehelsedokument saman med fleire kommunar i regionen. Dokumentet er politisk handsamast i desember 2016.

Fysisk aktivitet er eit langt meir omfattande enn både idrett og friluftsliv. I denne planen er fysisk aktivitet alle former for fysisk mosjon. Eksempel på fysisk aktivitet er å trilla ei barnevogn, spasere ein tur, rusle i friområde, barneleik, riding, symjing, turar i skog og mark, roing, padling og segling samt trening til musikk og dans.

Ein stadig større del av innbyggjarane på landsbasis, og i Bremanger kommune, er like vel fysisk lite aktive. Samstundes vert dei aktive stadig meir aktive. Fram til no har det vore slik at den organiserte idretten har lagt beslag på størstedelen av dei midlane som har vore sett av til fysisk aktivitet og friluftsliv.

Friluftsliv er oftast ei eller anna form for fysisk aktivitet ute i naturen. Fotturar utanfor gang- og sykkelveg, skiturar, jakt og fiske og turar på sjøen er viktige friluftaktiviteter.

Friluftsliv er den forma for aktivitet som aktiviserer flest av innbyggjarane i Noreg. Nasjonalt er det mål for friluftsliv at barn og unge skal gjevast høve til å utvikle ferdigheiter i friluftsliv. Friluftslivet basert på allemannsretten skal haldast i hevd i alle lag av befolkninga.

Bremanger kommune har store utmarksområde som gjev rom for eit breidt spekter av friluftsliv. Mange av desse områda er berre tilgjengelege for dei som disponerer privat bil og/eller båt. Andre viktige nærmiljøtiltak som er gjennomført er rydding og merking av stiar i Bremanger. Dette har gjort turveg/tursti meir tilgjengeleg for folk og gjev inntrykk at det vert brukt meir enn før.

Idrett

Dei fleste former for idrett er organisert, fysisk aktivitet. Enkelt sagt kan ein skilja idrett frå anna fysisk aktivitet ved at når det gjeld idrett så er det å trenar mot konkurransar. Idrett er å forstå som mosjon, trening og konkurranse i den organiserte idretten.

Kapittel 1 - Oversyn realiserte anlegg i perioden 2012-2015 (2016)

Anlegg	Fyrste søknadsår	Kost 1000	Anleggsstart – Finansiering				
			2012	2013	2014	2015	2016
			SM	SM	SM	SM	SM
Ordinære anlegg							
Svelgen aktivitets omr. friidrett	2009	3369				700	
Karlskaret skytebane	2010	1781	594				
Rugsund, Snekkevika skyteanlegg	2010	480	160				
STIF fotball -lysanlegg	2010	7329		1,55 mill			
STIF stadion - undervarme	2010	1209		367			
Hauesanden sanitæranl.	2010	688		122			
Svelgen stadion, garderobeanlegg	2011	4060					1 mill
Bjørsvik fleirbruksanlegg, servicebygg	2014	475					158
Turprosjekt Hornelen	2016	2 mill					1 mill
Kart turløyper Bremanger kommune	2016	1223					243

Nærmiljøanlegg						
Bremanger IL kunstgras Bjørsvika	2012	3139			1 mill	
Bremanger IL sandvolley	2012	466			234	
Bremanger IL basket	2012	544			272	
Ballbinge Ålfoten	2012					
Gloføyk nærmiljøanl.	2014	149			75	
Ballbinge Hauge, rehab	2015	162				62
Ballbinge Davik, rehab	2015	128				62

Mykje tyder på at tiltaka som er gjennomført fører med seg auka fysisk aktivitet. I Bremanger kommune er det generelt stor aktivitet i kyst, natur, friluft, skyte- idretts- og nærmiljøanlegg. Grunna etterslep på nasjonalt nivå blir planen som verkty for realisering av anlegg noko kunstig, då det stadig er anlegg som må flyttast over til nytt år, og det skapar mykje frustrasjon hjå det frivillige organisasjonslivet. Planen har vore rullert kvar haust i samband med innsendte spelemiddelsøknadar. Bremanger kommunestyret vedtok og la planen gjelde for 2016.

Kapittel 2- Visjon, Mål, Delmål

Bremanger kommune ynskje at alle innbyggjarane skal ha gode levekår og positive opplevinga med eige liv og helse.

Visjonen er AKTIVITET FOR ALLE!

Nasjonale styresmakter gjev nokre tilrådingar for fysisk aktivitet.

- Barn og unge vert tilrådd minimum 60 minuttar fysisk aktivitet kvar dag.
- Vaksne bør vere fysisk aktive minst 30 min daglig, eller minst 3 ½ time kvar veke.

Måla er - Fysisk aktivitet for alle frå alle aldre

- Arbeide for at flest mogleg av innbyggjarane får høve til å drive fysisk aktivitet etter eigne ønskje og føresetnad, på allment tilgjengelege områder og i anlegg som er lagt til rette i rimeleg geografisk nærleik til der ein bur eller ferdast i naturen.
- Hovudvekt på barn og unge, og særskilt tilpassa arenaer for fysisk aktivitet.
- Prøve å etablere aktivitetstilbod til barn og ungdom, og menneske med nedsett funksjonsevne som ikkje finn eit tilfredstillande aktivitetstilbod i den organiserte idretten.
- Bidra til å leggje tilhøva til rette for helse- og trivselsfremjande aktivitetar.
- Auka merksemd og medvit for vårt felles ansvar for å ivareta fysisk aktivitet.
- Hjelp barn og ungdom som ikkje finn seg til rette i organiserte aktivitetar, til å finne attraktive fysiske aktivitetar i nærmiljøet og naturen.
- Arbeide for å utvikle gode møteplassar, spesielt for menneske med nedsett funksjonsevne, som kan stimulere til fysisk aktivitet på tvers av kulturformer og fritidsaktivitetar.
- Skape interesse og engasjement blant ungdom for fysisk aktivitet som ikkje er konkurranse retta, til dømes dans og ulike formar for friluftsliv.
- Aktivisere den inaktive delen av befolkninga gjennom tradisjonelle trim/ mosjonsaktivitetar og ulike formar for friluftsliv.
- Motivere eldre til å skape eigne aktivitetar med fokus på fysisk aktivitet.
- Fremje tilrettelegging av nærmiljøanlegg i tilknytning til skule/ barnehage/ heim. Leggje til rette for å skape gode og innbydande idrettsanlegg for allmenta.
- Bidra til bygging av fleire mindre kostnadskreivjande nærmiljøanlegg.
- Bidra til oppdatering og tilrettelegging for anlegg tilpassa organisert idrett og friluftaktivitet.
- Barn og unge må få høve til å utvikle kunnskap og personleg dugleik.
- Auka vektlegging av kulturhistorisk bruk – både fjellet, fauna og kysten.

- Det enkle og tradisjonelle friluftslivet basert på allemannsretten og naturen sine premisser skal haldast i hevd i alle lag av befolkninga. Friluftsliv for alle - halde i hevd tradisjonen med det enkle friluftslivet og stimulere til breiare og auka deltaking.
- Støtte opp under det organiserte idrett og friluftslivet.

Kapittel 3- Utfordringar for å nå måla

Fysisk aktivitet har mest vore brukt i samanheng med anlegg for konkurransar og idrett. No er Bremanger kommune meir oppteken av å sjå nærmare på korleis planen kan skapa, formidle og forsterke eit ynskje og ei haldning til å nytte dei tilboda kommunen alt har i form av anlegg og natur til friluftsliv og fysisk aktivitet. Utfordringane er fleire og samansette. Fyrst og fremst må kvar enkelt innbyggjar få lyst til å vere fysisk aktiv. Neste steg vert å konkretisere kva som må gjerast for å få auka aktivitet og korleis kommunen best kan leggje til rette for å auke den samla aktiviteten.

Dei grøne nærområda rundt grendene våre må få auka status og inngå i heilskaplege planar. Samanhengande turvegssystem med tilgjenge for alle. Og ikkje minst kan dei mange stiane og turløypene som finst både i skog og til fjells, fram til støl/sæter og i naturfreda område, danne eit utgangspunkt for både naturopplevingar, kulturopplevingar og friluftsliv. Kommunen vil setje fokus på at informasjon om anlegg og fysisk aktivitet er utforma slik at brukarane med lettheit kan finne den aktiviteten som ein ynskjer delta i. På denne måten kan ein sjølv bestemme kor lang, tung og krevjande den fysiske aktiviteten treng å vere.

Bremanger kommune vil ha eit aktivitetstilbod til alle – uansett alder, kjønn, fysisk form og eventuelle handikap. Ved å gjere fysisk aktivitet til noko som er moro og populært vil kommunen samla sett sitja att med ein større gevinst både når det gjeld trivsel og helse. Utfordringa vert å finne fram til tiltak som mange – i dag lite fysisk aktive innbyggjarar – ynskjer og klarar å vera med på. Godt organiserte idrettslag og friluftslivsorganisasjonar er ein av føresetnadane for suksess.

Kommuneanlegg i Bremanger

Dei kommunale anlegga er i hovudsak knytt til oppvekstsentera, og i tillegg har ein idrettshuset i Svelgen, Fleirbrukshallen i Bremanger og leikeområde i kommunale bustadfelt. På grunn av lite vedlikehaldsmidlar bør ikkje talet på kommunale anlegg auke vesentleg. Vedlikehald av symjehallar, gymsalar m.m. vert belasta det ordinære vedlikehaldsbudsjettet på dei ulike einingane.

Kommunen har ikkje fatta avgjerd på kva som skal gjerast med symjebassenga, men tilstandsrapportane syner at det er her største behovet for rehabilitering ligg. Rehabilitering av eldre og nedslitne anlegg ligg naturleg til for Bremanger kommune med kommunalt eigde symjebasseng, ballbingar, gymsalar og leikeplassar.

For Svelgen Idrettshus har Bremanger kommune inngått driftsavtale med brukarane, som er ansvarleg for drift og vedlikehald av anlegget i den tida dei disponerer det, og for dei fleste kostnadane knytt til utstyr og inventar. Ved fleirbrukshallen i Bremanger har ein same malen for drift og vedlikehald.

For spesielle anlegg som miniatyrskytebaner m.m. er brukarane av anlegget ansvarleg for anlegget og forvaltinga av det i den tida dei disponerer denne.

Nærmiljøanlegga er enkle anlegg eller område som er tilrettelagt for eigenorganisert fysisk aktivitet. Nærmiljøanlegg skal ha fri tilgang for alle og fyrst og fremst vere retta mot barn og ungdom. Nærmiljøanlegg knytt til oppvekstsentera er ein attraktiv møteplass for alle aldrar. Nærmiljøanlegga er dei viktigaste rekrutteringsanlegga til fysisk aktivitet. Det er viktig at anlegga vert utforma og tilpassa områda dei ligg attmed slik at dei vert både attraktive og aktivitetsskapande møtestader for barn, unge og andre som ynskjer å nytte anlegga.

Bremanger kommune vil prioritere fleksible anlegg med tilbud fyrst og fremst retta mot barn og ungdom, men som og har kvalitetar som dei vaksne vil setja pris på. Trivsel og velvære samt høg kvalitet og fleksibilitet bør prioriterast høgt, for å ha stor breidde av aktivitetar.

Nærmiljøanlegg som ligg i tilknytning til oppvekstsentera vert i utgangspunktet å oppfatte som kommunale anlegg, og må vedlikehaldas med kommunale driftsmidlar. Måten drifta skal organiserast på må vere tema for drøfting parallelt med planlegging av utbygging, og det vil ofte vere aktuelt at den praktiske gjennomføringa av ettersyn og vedlikehald skjer i samarbeid med lokale lag og foreiningar.

For leikeområda knytt til kommunale bustadfelt har ikkje kommunen midlar eller kapasitet til vedlikehald og kontroll av leikeapparat. Desse anlegga bør i hovudsak overtakast av grendelag eller velforeiningar, og drift og vedlikehald vere basert på eigeninnsats frå brukarane av områda. Alternativet for kommunen vil vere å fjerne leikeapparata, då ein ikkje har kapasitet til å fylgje opp tryggleiksforskrifter og – krav.

Anlegg eigd av frivillige lag og organisasjonar

Dei fleste idrettsanlegga i kommunen er eigd og vert drivne av lag, foreiningar eller organisasjonar (idrettsbaner, skytebaner m.m.). Realisering av vedteke handlingsprogram vil ikkje endre på dette, sjølv i dei tilfella der kommunen yter midlar til opparbeiding.

Bremanger kommune vil i liten grad ha høve til å stille opp med teknisk hjelp/kompetanse i høve drift av eksternt eigde anlegg for idrett og fysisk aktivitet. Bremanger kommune sine ressursar på dette området bør nyttast i planlegginga.

For drift og vedlikehald av anlegg og område for friluftsliv vil kommunen prioritere tilskot til lag/organisasjonar som tek på seg ansvar for rydding og oppmerking/informasjon om stiar- og turveggar, både i utmark og bustadområde. Det er ikkje avsett særskilde midlar til dette i budsjettet.

Private anlegg

Bremanger kommune har få anlegg i privat eige. Klatreparken på Nesbø er einaste kjente oprative i dag. I tillegg er Via Ferrata ved Hornelen under planlegging.

Kapittel 4- Satsingsområde, aktør, tiltak

Oppvekst

Grunnlaget for glede ved fysisk aktivitet, leik og friluftsliv blir lagt i dei tidlegaste barneåra, og stimulering og tilrettelegging for eit breiast mogleg tilbod er grunnleggande. Utforming og tilrettelegging av område for aktivitet har derfor svært mykje å seie for stimulering til flest mogleg til å nytta omgjevnaden til organisert og uorganisert aktivitet.

Når det gjeld barn og unge, er fysisk aktivitet viktig for både vekst og utvikling. Fysisk aktivitet gje sosial læring og kan gje kjensle av meistring. Det er dei føresette som har hovudansvaret for at barn og unge er tilstrekkeleg aktive. Barn og unge må i størst mogleg grad få ei positiv oppleving av å vere fysisk aktive, både i heimen, i skulen og på fritida.

Ungdom har behov for særskilt tilrettelagde arenaer. Det skjer ei halvering av fysisk aktivitet frå born er 9 år til dei er 15 år. Halvparten av 15 åringane er det vi definerer som inaktive. Dette er alvorleg, og vi treng å rette ekstra merksemd mot ungdom og fysisk aktivitet. Dei uformelle møteplassane er viktige.

Oppvekstsentera er viktige arena for kvardagsaktivitet og auka aktivitetsnivå for barn og unge. Det er i dag gjennomført morgontrim, aktivitetsdagar, idrettsdagar, sykkeldagar, aktive friminutt i nærmiljøet, friluftsliv, turar med fokus på sosial og fagleg læring, natursti, fotturar, Tinstafetten, dans, symjing når bassenga er opne, ski- og skøytedagar om tilhøva tillet det. All aktiviteten er tilpassa skuletrinnet ein er ein del av i forhold til vanskeleggrad.

Behov:

- Opprusting av uteareal ved oppvekstsentera

Helse og omsorg

Helse- omsorgstenestene har eit ansvar for å stimulere til og å legge til rette for fysisk aktivitet hos brukarane med tanke på førebygging og rehabilitering.

Regelmessig moderat fysisk aktivitet fremjar livskvalitet og gir dokumentert positiv helseeffekt. Det er kommunen som gjennom planlegging har eit særleg ansvar for å sikre at befolkninga får gode moglegheiter til å drive fysisk aktivitet i kvardagen. Like viktig er det å ha fokus på glede og fellesskap i utøving av idrett og fysisk aktivitet. Glede og mestring er såleis viktige omgrep i denne samanheng.

Einingane våre gjennomføre ulike tiltak for fysisk aktivitet i dag, som trim, dans, sitjedans, sumba, plante- og hagearbeid, bakedagar, spaserturar, allsong, ballongspel og besøk frå pårørande, besøksvenner, frivillige, skule og barnehage som lagar liv hjå oss.

Behov:

- Opparbeide uteareal med universell utforming
- Benker i nærområdet
- Sikring av veger tilknytta einingane
- Sykkel med plass til passasjer framme
- Mowitec sykler og lokale filmer å sykle etter

Lag og organisasjonar er engasjerte i sine nærmiljø og ynskje vere aktør for gode tiltak innan fysisk aktivitet. Det er lagt ned ein fantastisk innsats gjennom frivillig arbeid i kommunen. Det arbeidet som blir gjort, utgjer eit viktig bidrag i samfunnsutviklinga og for livskvaliteten i Bremanger. Samstundes er det potensiale for utvikling. Frivillige organisasjonar når alle. Ulike type nærmiljøanlegg, med tilrettelegging for uorganisert aktivitet er viktige suksessfaktorar for å skape breidde og gje alle moglegheit til å delta i fysisk aktivitet.

For ein kommune som Bremanger er det viktig å legge til rette for at den innsatsen som gjerast gjennom frivillige organisasjonar rundt i bygdene blir støtta med anlegg som er egna. Anlegga bør vere med på å bygge opp under aktivitet som finns, men og legge til rette for nye aktivitetar. For å sikre at anlegga kan nyttast så mykje som mogleg, må anlegget si plassering og utforming nøye vurderast. Det kan vere naudsynt med anlegg innandørs for å sikre heilårsbrukbruk.

Kapittel 5– Behov og tiltak for aktivitet og anlegg

Kommunale satsingar

I Bremanger har vi ein variert natur med høge fjell, isbre og kystlandskap. Mange av vassdraga i kommunen er regulerte, men enno fins store områder av urørt natur. Bremanger kommune har store utfordringar. Kommunen er vidstrakt og har mange spennande området det er viktig å gjere tilgjengeleg for eit breitt lag av befolkninga i kommunen. I tillegg er dette viktig for den turistsatsinga

som er gjort i kommunen. Aktiv ferie er ein trend ein ser som aukande. Turistnæringa har allereie no merka ein auka etterspurnad etter tilrettelagde og oppmerka turar. Mange ferdast i fjellet, både på tur, fiske, bærplukking, sauesanking og jakt. Undersøking utført av DNT syner at 96 % av dei som ferdast i fjellet går på merka løype. Det viser at folk har tillit til stiane, og at dei treng tilrettelegging for at dei skal finne fram- både på stiane og ut i urørte område.

Behov:

- Fleire aktivitetsfriminutt (innspel ungdomsskulen)
- Fleire gang- og sykkelstier (innspel ungdomsskulen)
- Utvikle leikeplassane ved oppvekstsentera (innspel ungdomsskulen)
- Ballbinge, klatrestativ og skateelement på leikeplassen (innspel ungdomsskulen)
- Lys langs vegen, i turstiane og på nærmiljøanlegga (innspel ungdomsskulen)
- Lys langs vegen for å trygge mjuke trafikantar (innspel frå Dalen grendalag/Nye Bremanger)
- Meir opne ungdomsklubbar (innspel Davik utviklingslag)
- Etablere friskussentral (innspel Davik utviklingslag)
- Skilting langs fylkes og kommunalveg til merka turløyper (innspel Keipen)
- Fleire veglys i bygdene (innspel Davik utviklingslag)
- Vegutbedring/etablering av gang og sykkelsti (innspel frå Nye Bremanger)
- Opparbeiding av parkeringsplassar for sommar og vinterturar.

Turlag

I Bremanger kommune er det eit turlag som dekkjer heile kommunen, Keipen turlag. Dei har merka stiar etter retningslinene til DNT. Grunneigarar, grendalag og idrettslag merker turstier og løype. Turlaget arrangerer guida turar på alle nivå, gjennom heile året. Andre lokallag i Sogn og Fjordane Turlag arrangerer også turar i deler av Bremanger kommune.

Behov:

- Lysløype for alle langs vatn, skogsveier, tur - stier og løype (innspel ungdomsskulen)
- Informasjonstavle med sti-nett og turløype (innspel Keipen)
- Dagsturhytte på Vetten (innspel Keipen)
- Byggje gapahuk (innspel Keipen)
- Merke turløyper (innspel Davik utviklingslag)
- Merke fleire stiar, turar og kulturhistoriske opplevingar (innspel Keipen)
- Oppgradering av skilt/tavler på turstiane i Kalvåg/Bremanger (innspel aktør Kalvåg)
- Fullføring av Nordsjøløypa Bontelabo – Liseth – Kalvåg (innspel aktør Kalvåg)
- Dagsturhytter (innspel Kalvåg Bygdalag)

Sjøsport

Det er gode moglegheiter for å drive med roing, kano, kajakk og anna sjøsport i Bremanger kommune. Frå naturen si side har kommunen gode tilhøve både i ferskvatn og saltvatn.

Behov:

- Meir sjøaktivitet (innspel ungdomsskulen)
- Etablere roklubb i Svelgen (repr Svelgen)
- Utarbeide informasjonsskriv m/ kart for padling og roing (innspel Keipen)

Jeger- og fiskeforeiningar, grunneigarlag

Utferder knytt til jakt og fiske utgjer for mange ein stor del av friluftslivet. Tilrettelegging for jakt og fiske er ei oppgåve som dei lokale grunneigarlaga i samarbeid med viltforvaltninga i kommunen tek seg av. Kommunen bør stimulere til at jakt og fiske vert best mogleg tilrettelagt slik at allmenta får høve til å delta på denne type aktivitet.

Behov:

- Aktivitetsdagar (innspel ungdomsskulen)

Kystlag

Aktivitetane til Kystlaga Hornelen og Kalvåg er i hovudsak knytt til maritimt friluftsliv. Kystlaga legg til rette for aktivitetar som roing og segling, både utstyrmessig og ved opplæring.

Behov:

- Aktivitetsdagar (innspel Davik utviklingslag/ungdomsskulen)
- Kystleden i Skatestraumsområdet (innspel Kystlaget)
- Besøksstader på Tongane, Gloføyk, Rugsund Handelstad, Dampen, Smørhamn og Kalvåg.(innspel Kystlaget)

Badeplassar

Kommunen har tilrettelagde badeplassar i Bontelabo i Kalvåg, Gloføyk i Skatestraumen, Hauesanden på Davik og Grotlesanden i Bremanger. Bontelabo, Gloføyk, Hauesanden og Grotlesanden har veg, parkeringsplass og toalett/ dusj i servicebygg. Nokon av badeplassane er tilrettelagt for funksjonshemma brukarar.

Etter at fastlandssambandet opna 2002/2013 opplevde ein auke til Grotlesanden frå store delar av regionen. Grotlesanden har vorte ein regional badeplass og rekreasjonsstad. Det er behov for ei total gjennomgang av kommunen sitt engasjement i høve anlegg og drift av dette.

Behov:

- Hoppe og stupetårn, sklie og sjøtrampoline i vasspark (innspel ungdomsskulen)
- Oppføring av offentlig stupebrett (innspel aktør Kalvåg)
- Utandørs dusj og slange til å spyle av sand.
- Rampe ned til strand, for barnevogner og funksjonshemma brukarar.

Småbåthamner

Kommunen har fleire småbåthamnar, ei hamn i Davik, ei på Kjelkenes, ei på Hauge, ei i Struen, ei i Kalvåg, ei i Rugsund og to i Svelgen.

Det er ein styrke å plassere gjestehamner i tilknytning til eksisterande reiselivsbygg. Ein vil då og kunne nytte seg av allereie opparbeidde fasilitetar som t.d. vatn, toalett og dusj.

Vi har mange tilreisande kvar sommar. Stadig fleire brukar eigen båt når dei skal delta på arrangement i kommunen.

I høve Forbundet Kysten og DNT sitt samprosjekt Kystleden er det sett fokus på enkle overnattingsstader for båtfolket, gjerne knytt til stiar, moglegheit for turar og andre kulturhistoriske opplevingar.

Behov:

- Gjesteplass i småbåthamnane (innspel ungdomsskulen)

Grendalag

Stadig fleire grendalag set fokus på lek, trivsel og fysisk aktivitet. Det er ofte naturleg å sjå utvikling av tilbod i samanheng med andre lag, organisasjonar, barnehagar eller skular. Men vi har også mange døme på grendalag som planlegg aktivitetar i eit område som ligg eit godt stykke unna dei tilboda barna får ved skule/ barnehage. Grendelaga er sentrale aktørar for å bygge anlegg i nærmiljøet, frå anlegg i storleik kr. 20.000 i kostnad og oppover. Innspel og behov vil bli tekne med i planen, og grendelaga kan dermed søkje om tilskot frå spelemlane.

Behov:

- Leikeplassane i nærmiljøet med lys, leikeapparat og velbenkar (innspel ungdomsskulen/bygdslag)
- Opplyste gangstiar og godt merka lavterskel turløyper (innspel frå Nye Bremanger)
- Tur- og treningsløype over Skaret til Dalevegen (innspel frå Dalen grendslag)
- Behov for lys og hogst langs turveg ved Risevatnet (innspel repr Svelgen)
- Fjerne skog langs Riseelva og finne sti knytta mot sentrum (innspel repr Svelgen)
- Plassere rastebord/benker for kvile og nyte naturen (innspel repr. Svelgen)
- Trimløype rundt Blålidvatnet, rundt Storøyna og til Tongane som er universielt utforma med underlag utan asfalt (innspel frå Kolset seniordans)
- Prosjekt «gamle skogsveien» i Kalvåg (innspel Kalvåg bygdslag)
- Leikeplass i skogen (innspel Kalvåg)
- Etablere skilta buavandring i Kalvåg (innspel aktør Kalvåg)
- Lys i skogsvegen bak Kalvåg oppvekst (innspel aktør Kalvåg)
- Trappeløype (innspel Kalvåg bygdslag)
- Musikkbinge (innspel Leirgulen IL/Kolset krins utviklingslag)

Idrettslaga

I dei siste åra har folketalet vore fallande. Det fører til at enkelte bygder får problem i å stille lag i ulike idrettar. Idrettslaga samarbeide i sterkare grad for å kunne stille lag og delta i dei einskilde idrettane. Miljøet for individuell idrett kan også bli for lite, noko som fører til at barn og ungdom får eit lite inspirerende og utfordrande miljø. Sterkare samarbeid mellom idrettslaga er direkte naudsynt. Bremanger kommune kjem gjennom prioritering av plass i handlingsprogrammet, til å leggje sterkare føringar på auka samarbeid mellom lag.

Samarbeidet mellom idrettslaga, via idrettsrådet, må også gjelde utbygging og rehabilitering av idrettsanlegg. Med rehabilitering meinast ikkje berre tradisjonell oppgradering, men også utviding til nye funksjonar og nye behov. Vi treng ikkje overkapasitet på dei einskilde anleggstypene. På anlegg som kommune, fylkeskommune og departement skal vere med å finansiere må utbyggar/driftseining dokumentere behov. Kommunen og idrettsrådet må komme sterkare med og tidlegare inn i planleggingsfasen. Kulturseksjonen handsamar og vidare sender søknader om spelemidlar etter vedteken plan. Idrettsrådet må vere med tidleg i planleggingsfasen.

Bremanger kommune har i stor grad stilt gymsalane og symjebassenga til gratis disposisjon for laga. Kommunen har i liten grad ytt midlar eller hatt ansvar for vedlikehald av dei idrettsanlegga som er eigd av laga. Svelgen idrettshus stod ferdig i desember 1993. Bremanger kommune eig huset, men drifta av anlegget vert ivareteke av styret for Svelgen Idrettshus. Bremanger Idrettshus sto ferdig i 2006.

Alle idrettsanlegga er fullt ut drivne av organisasjonane sjølve, utan ekstra tilskot frå kommunen.

Behov:

- Oppruste nærmiljøanlegget Kolset (innspel Kolset krins utviklingslag/Leirgulen IL)
- Tennisbane Kolset (innspel Kolset krins utviklingslag/Leirgulen IL)
- Klatrepark Kolset (innspel Kolset krins utviklingslag/Leirgulen IL)
- Opprette frisbee golf (innspel Davik utviklingslag)
- Idrettsdag (innspel Davik utviklingslag)
- Aktivitetsjungel ved Ålfoten oppvekstsenter (innspel Ålfoten IL)
- Inspirasjonssamling for trenara innan barneidrett/idrettsskule (innspel Ålfoten IL)
- Fokus på fysisk aktivitet i tidleg alder (innspel STIF)
- Varierte idretts- og treningstilbod for barn, ungdom, vaksne og eldre (innspel STIF)
- Kompetente trenarar og instruktørar (innspel STIF)
- Økonomisk støtte frå kommunen til kompetanseheving og folkehelsetiltak (innspel STIF)
- Sandvolleyballbane Svelgen (innspel STIF)
- Klatrevegg Svelgen sentrum (innspel STIF)

- Aktivitetsdagar (innspel STIF)
- Svelgen Stadion meir tilgjengeleg for mosjonistar (innspel STIF)
- Økonomisk støtte til vedlikehald av stadionanlegg (innspel STIF)
- Sandvolleyballbane Kalvåg (repr. Kalvåg)
- Ballbinge (innspel IL Frøy)
- Endorobane/motorkrossbane (innspel IL Frøy)
- Barneidrett (IL Frøy)
- Ulike aktiviteter (IL Frøy)
- Utvikling av trenarar (IL Frøy)

Fotball

Det planleggast kunstgrasbane i Bremanger/Hauge. Dei fleste bygder har no eigen ballbinge. I Svelgen og Bjørsvika er det bygd servicebygg i tilknytning til kunstgrasanlegget.

Behov:

- Ballbinge i nærmiljøet (innspel ungdomsskulen)
- Ballbinge Kalvåg (innspel IL Frøy/ Kalvåg bygdelag)
- Kunstgrasdekke på grusbane Kolset (innspel Leirgulen IL/Kolset krins utviklingslag)
- Ballbinge i Svelgen eigd av Bremanger kommune (innspel STIF)
- Kunstgrasbane Bremanger (innspel Bremanger IL)

Friidrett

Friidrett er mest utbreidd i indre del av kommunen. Svelgen stadion har etter ombygginga gode tilhøve for dei fleste tekniske øvingar. Det er bygd eigne servicebygg som stettar behova for lager og garderobe.

Behov:

- Løpebane og hoppegrop på Kolset (innspel Leirgulen IL/Kolset krins utviklingslag)

Hallidrett

I Svelgen idrettshus og fleirbrukshallen på Bremanger er det eit variert tilbod, og begge hallane er mykje nytta.

Behov:

- Oppgradering av Svelgen idrettshus (innspel STIF) blant anna nytt golv.

Symjing

Svelgen fekk tidleg symjebasseng, bygd av Bremanger smelteverk, og er i dag varma opp av spillvarme frå Elkem. Symjebassenget er brukt både ettermiddags- og kveldstid heile veka. På Hauge og i Svelgen er bassenga tilrettelagt for funksjonshemma brukarar med bassengheis. Det er ikkje tilfelle på Davik eller Frøyen skule. Alle dei tre ungdomsskulane har basseng på 12,5x 8,5 meter. Frøyen skule har eit mindre basseng på 7,5x3,5 meter. Bassenga er små og fleire stettar ikkje behova som befolkninga etterspør. Dyre straumkostnader fører til at korkje Davik eller Hauge ungdomsskule har tilbod om symjing heile skuleåret.

Behov:

- Oppgradere symjebassenga til heilårsbruk (innspel ungdomsskulen)
- Opne basseng heile året (innspel Nye Bremanger)
- Oppstart prosjekt symjeanlegg i Svelgen (innspel STIF)
- Lengre opningstider på basseng i Davik (innspel Davik utviklingslag)
- Drive vanngymnastikk i varme basseng heile året (innspel repr Hauge)
- Oppgradere symjebasseng i Kalvåg for familiebadning (innspel aktør Kalvåg)

Ski/Aking

Av klimatiske årsaker er denne aktiviteten mest utbreidd i indre delar av kommunen, spesielt i Myklebustdalen. Her er det eit variert terreng med gode turmoglegheiter. Det er Ålfoten idrettslag som driv aktiv tilrettelegging. Laget har bygd eit flott skianlegg med 2,8 km lysløype. Første del av fastlandssambandet er no ferdigstilt. Andre del går frå Bortne til Langesjø i Myklebustdalen, rett ved skianlegget som fungerer som eit sentralanlegg i kommunen. Utleiehytter er reist i tilknytning til anlegget; Langesjø hyttegrenn.

Behov:

- Aktivitetsdagar i Myklebustdagen med utlån av ski (innspel ungdomsskulen)
- Oppgradere lysløypeanlegget ved Karlskardstova (innspel Ålfoten IL)
- Utvide traseen i lysløype ved Karlskardstova (innspel STIF)
- Heilårsakebakke Kalvåg (innspel IL Frøy)

Skyting

Skyting er ein svært utbreidd aktivitet, både innan skyttarlag og pistolklubbar. Svelgen idrettshus har innandørs skytebane. Snekkevika skyteanlegg i Rugsund stod ferdig i 1991. Det er også skytebane i Skatestraumen. I ytre Bremanger har vi skytebane ved Vardemyra i Kalvåg og Førdemarka i Bremanger. I Myklebustdalen ligg Karlsskaret skytebane vegg i vegg med skianlegget. Dette er hovudbana, med status som regionalt skyttaranlegg.

Behov:

- Aktivitetsdagar (innspel ungdomsskulen)

Generelt

Drift av anlegg og område for idrett og friluftsliv omfattar både idrettslege, miljømessige, økonomiske, tekniske og administrative forhold og oppgåver, noko som krev god innsikt og fagkunnskap på desse områda. For å få til ei vellukka drift er det viktig at ein vel praktiske planløyseringar og gjer gode materialval, og at alle sider ved drifta vert vurdert tidleg i planfasen. Ressurstilførselen må ikkje berre vere retta mot investeringskostnaden ved å leggje til rette for anlegget, men og ta omsyn til driftskostnaden ved anlegget. Anlegg rundt om i kommunen er stort sett finansierte med spelemidlar og dugnadsinnsats. Slitasjen på dei frivillige i byggjetida er stor, og ein må sjå til at ein også har overskot til tilfredsstillande drift av anlegget og at aktiviteten i anlegget vert teken vare på.

Det er viktig å ikkje undervurdere storleiken på utgiftene til drift og vedlikehald ved større idrettsanlegg. God og realistisk planlegging er viktig for å få oversyn på framtidige drifts- og vedlikehaldsutgifter og inntekter. Det er eit kommunalt ansvar å sørge for at denne sida vert godt vurdert av tiltakshavar i arbeidet med realisering av prosjektet.

Spelemidlar

Det er krav til søkar om spelemidlar. Om ein skal søke må ein gå inn på nettsida til idrettsanlegg.no

Kapittel 6- Skildring av nå - situasjonen

Bremanger kommune oppført i register med disse anlegga. Ikkje alle anlegg er like mykje brukt, medan nokon er i dagleg bruk. Det er Bremanger kommune sitt ansvar og holde anleggsregisteret oppdatert. Anleggsregisteret er grunnlaget for vurdering ved søknad om rehabilitering eller nybygg.

Anlegg i Bremanger kommune, ordnet tematisk

Badeplass		Hauesanden	Sanitæranlegg
Bontelabo badeplass	Friluftsliv	Servicebygg, Botnane	Friluftsliv
Grottesanden friluftsområde	Friluftsliv	Svelgen stadion	Garderobebygg
Hauesanden, friluftsområde	Friluftsliv	Svelgen stadion	Lagerbygg
Ballbinge		Skianlegg	
Davik skule, ballbinge	Aktivitetsanlegg	Karlskaret lysløype	Skianlegg
Hauge skule, ballbinge	Aktivitetsanlegg	Langesi skiarena servicebygg	Idrettshus
Kolset skule, ballbinge	Aktivitetsanlegg	Karlskaret skytebane	Skiløype
Svelgen skule, ball bing	Aktivitetsanlegg		
Alfoten ballbinge	Aktivitetsanlegg		
Ball-løkke		Skytebane/skyteanlegg	
Botnane Grendahus, leikeplass	Aktivitetsanlegg	Birkelid skytebane, 100 m	Skyteanlegg
Kolset skule, nærmiljøanlegg	Aktivitetsanlegg	Birkelid skytebane, 300 m	Skyteanlegg
Langeneset ballplass	Aktivitetsanlegg	Birkelid skytebane, skytterhus	Skyteanlegg
Mevika ballbane	Aktivitetsanlegg	Førsmarka skytebane, 300 m	Skyteanlegg
Villabakken ballbane	Aktivitetsanlegg	Førsmarka skytebane, 100 m	Skyteanlegg
Båthamn/marina		Kalvåg og Frøyen skytebane, 100 m	Skyteanlegg
Brevika småbåthavn	Friluftsliv	Kalvåg og Frøyen skytterhus	Skyteanlegg
Bremanger småbåthamn	Friluftsliv	Karlskaret skytebane, 100 m	Skyteanlegg
Davik småbåthavn	Friluftsliv	Karlskaret skytebane 200 m	Skyteanlegg
Kalvåg småbåthamn	Friluftsliv	Karlskaret skytebane, skytterhus	Skyteanlegg
Svelgen småbåthavn	Friluftsliv	Snekkevika – luftgevær, inne	Skyteanlegg
Fotballbane		Snekkevika skyteanlegg, 100 m	Skyteanlegg
Bjørsvika kunstgrasbane	Fotball gressbane	Snekkevika skyteanlegg, 200 m	Skyteanlegg
Bremanger stadion, grasbane	Fotball gressbane	Snekkevika skyteanlegg	Skyteanlegg
Davik idrettsanlegg, grasbane	Fotball gressbane	Svelgen idrettshus, (inne)	Skyteanlegg
Svelgen stadion, kunstgrasbane	Fotball kunstgras	Vardemyra skytebane	Skyteanlegg
Svelgen stadion, Undervarmeanlegg	Fotball kunstgras	Vardemyra skytebane, skytterhus	Skyteanlegg
Friddrett/ turn		Alfoten skule, (inne)	Skyteanlegg
Bremanger stadion, friddrett	Friddrett grusbane	Squash anlegg	
Davik idrettsanlegg, friddrett	Delanlegg friddrett	Svelgen idrettshus	Squashanlegg
Svelgen stadion, friddrett	Friddrett grusbane		
Svelgen stadion, friddrettsanlegg	Friddrettsstadion	Svømmehall/basseng	
Alfoten idrettsplass, friddrett	Delanlegg friddrett	Davik skule, svømmebasseng	
Gymsal/Idrettshus/klubbhus		Frøyen skule svømmebasseng	
Bremanger stadion, klubbhus	Idrettshus	Hauge skule, svømmebasseng	
Davik skule, gymnastikksal	Aktivitetssal	Svelgen skule, svømmebasseng	
Frøyen skule, gymnastikksal	Aktivitetssal		
Hauge skule, fleirbrukshall	Flerbrukshall	Turløype/tursti	
IL Frøy, klubbhusmotorsport	Klubbhus	Viser til 101 i Bremanger turboka	
Kolset skule, gymnastikksal	Aktivitetssal		
Svelgen idrettshus	Flerbrukshall	Ulike mindre anlegg	
Svelgen stadion, møterom	Idrettshus	Bjørsvika basket og leik	Diverse anlegg
Alfoten skule, idrettsgard	Idrettshus	Davik skule (steg3)	Ulike småanlegg
Alfoten skule, gymnastikksal	Aktivitetssal	Davik skule (steg 2)	Ulike småanlegg
Kart		Fremstevika aktivitetssomr.	Ulike småanlegg
Kart turløyper Bremanger kommune	Turløype	Frøyen skule, leikeplass	Ulike småanlegg
UT, Alfotdalen orienteringskart	Orienteringskart	Gloføyke friluftsområde	Friluftsområde
UT, Kålvåg Nærmiljøkart	Nærmiljøkart	Håkskaret byggefelt, aktivitet	Ulike småanlegg
UT, Lisetvarden treningskart	Nærmiljøkart	Hauge skule	Ulike småanlegg
UT, Rise / Svelgen o-kart	Orienteringskart	Kolset oppvekst, lysanlegg	Ulike småanlegg
UT, Rise treningskart	Nærmiljøkart	Krokettplassen aktivitetsstad	Ulike småanlegg
Motorsport		Langevatn friluftsanlegg	Friluftsliv
Amsterdam Motorsportsenter	Motorsportanlegg	Lisetbana	Idrettspark
IL Frøy motorsport	Motorsportanlegg	Mevika aktivitetssområde	Ulike småanlegg
Sandvolleyballanlegg		Sande II, Aktivitetssområde	Ulike småanlegg
Bjørsvika sandvolleyballbane	Aktivitetsanlegg	Stasjonen barnehage, klatrejungel	Hinderløype
Kolset Sandvolleyballbane	Diverse anlegg	Sveahaugen byggefelt, aktivite	Ulike småanlegg
Sanitæranlegg/servicebygg		Svelgen Fritidspark (byggsteg 3)	Ulike småanlegg
Bjørsvika fleirbruksanlegg	Sanitæranlegg	Svelgen fritidspark (byggsteg2)	Ulike småanlegg
Bontelabo badestrand	Servicebygg	Svelgen idrettshus, innendørs	Klatreanlegg
		Svelgen skule – skateboardramp	Ulike småanlegg
		Svelgen skule, fritidspark	Ulike småanlegg
		Svelgen stadion, Lysanlegg	Diverse anlegg

Kapittel 7- Handlingsprogram tiltak – behov for fysisk aktivitet

Kva	Kvar	Pådrivar
Synfaring uteområda/leikeplass	Oppvekstsentera	Bremanger kommune/ Kultur/Oppvekst/Teknisk
Barneidrett	I Grendene	Lag og organisasjonar
Varierte idretts- og treningstilbod for barn, ungdom, vaksne og eldre	Lag og organisasjonar	Lag og organisasjonar
Kompetanseheving trenarar og instruktørar	Lag og organisasjonar	Lag og organisasjonar/ Idrettsrådet
Auka fysisk aktivitet i oppvekstsentera og nærmiljøet	Oppvekst Lag og organisasjonar	Oppvekst/ Lag og organisasjonar
Aktivitetsdagar (ulike aktiviteter)	Oppvekst/ Lag og organisasjonar	Oppvekst/ Lag og organisasjonar
Informasjon til alle og skilting langs vegane til aktivitetsarena	I Bremanger kommune	Lag og organisasjonar/ Teknisk
Opne ungdomsklubbar	Davik, Hauge og Svelgen	Bremanger kommune/ Kultur
Merke løyper/turstier	I grendene	Lag og organisasjonar/ Grunneigarar
Lys langs vegane, turstiane og nærmiljøanlegga	I grendene	Lag og organisasjonar/ Bremanger kommune
Parkeringsplasser	Langs veg	Bremanger kommune/ Teknisk
Kulturskuletilbod med dans, song og band	I grendene	Bremanger kommune/ Kulturskulen
Fysisk aktivitet i kulturell skulesekk	Oppvekst/ Bremanger kommune	Bremanger kommune/ Kultur/Oppvekst
Fysisk aktivitet i kulturell spaserstokk	Helse og omsorg/ Bremanger kommune	Helse og omsorg/ Bremanger kommune
Legge til rette for organisert fritidsaktivitet i basseng, gjennom heile året.	I alle basseng	Bremanger kommune/ Lag og organisasjonar
Sykkel med plass til passasjer framme	Helse og omsorg	Bremanger kommune/ Helse og omsorg
Mowitec sykler og lokale filmer å sykle etter	Helse og omsorg	Bremanger kommune/ Helse og omsorg
Økonomisk støtte til vedlikehald av anlegg		Bremanger kommune
Økonomisk støtte frå kommunen til kompetanseheving og folkehelseiltak		Bremanger kommune/ Eksterne aktører
Etablere roklubb	Svelgen	Lag og organisasjonar

Kapittel 8- Handlingsprogram ordinære anlegg

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg.

Kva	Anleggsnr	Eigar	Kostnad	År
Svelgen stadion, lager	1438000108	STIF	478.000	2017 – utbetalt
Svelgen stadion, møterom	1438000109	STIF	459.000	2017 – utbetalt
Oppgradere lysløypeanlegget ved Karlskardstova	1438003801	Ålfoten IL	487.000	2018 – tilsegn, fråfalle seinare.
Bremanger Stadion, kunstgrasbane	1438000204	Bremanger IL	7.602.578	2018 – ikkje fornya
Turprosjekt Hornelen	Sak til DNT	Bremanger kommune		2017 – utbetalt
Dagsturhytte Mulevarden	Sak til DNT	Bremanger kommune		2017 – ikkje søkt
Dagsturhytte Flona	Sak til DNT	Bremanger kommune		2017 – ikkje søkt
Endurobane Liset		IL Frøy		2017 – ikkje søkt
Symjebasseng Davik		Bremanger kommune		2018 – ikkje søkt
Symjebasseng Hauge		Bremanger kommune		2018 – ikkje søkt
Dagsturhytte Vetten		Bremanger kommune		2020 – utbetalt
Gymsal Kalvåg		Bremanger kommune		2018 – ikkje søkt
Symjebasseng Kalvåg		Bremanger kommune		2019 – ikkje søkt
Symjebasseng Svelgen		Bremanger kommune		2019 – ikkje søkt
Oppgradering styrkerom Svelgen idrettshus		STIF	265 000 + dugnad	2019 – ikkje søkt
Golv i Svelgen idrettshus	24266	Bremanger kommune	2 000 000	2021/2022/2023
Gapahuk Draumeplassen	75833	Keipen turlag	710 000	2021 - utbetalt
Riflebane løpande elg	8022	Ålfoten skyttarlag	700 000	2021/2023
Rehabilitering skytebane	31075	Bremanger skyttarlag	720 000	2021– trekt søknad
Ny løypetrase og lysanlegg	8021	Ålfoten idrettslag	1 570 000	2022/2023
Sanitærbygg Vetvika	79435	Bremanger kommune	540 000	2022/2023
Sanitærbygg Hornskor	51223	Bremanger kommune	2 250 000	2022
Rehabilitering av skytebane og elektroniske skiver	1387	Rugsund skyttarlag	160 000	2023
Brutiltak tursti Sigdestad		Ålfoten idrettslag		

Kapittel 9- Handlingsprogram nærmiljøanlegg

Handlingsprogrammet skal rullerast årleg

Kva	Anleggsnr	Kvar	Ansvarleg	År
Hauge oppvekst, treningsapparatpark	1438001206	Hauge oppvekst	Bremanger kommune	2018 – ikkje fornya
Jungelpark Ålfoten	1438003708	Ålfoten oppvekstsenter	Ålfoten IL	2018 - utbetalt
Kalvåg ballbinge	1438005404	Kalvåg oppvekst	IL Frøy	2020 - utbetalt
Svelgen Nærmiljø, klatrepark	1438008401	Svelgen oppvekst	Bremanger kommune	2018 – ikkje fullstendig søknad
Bremanger stadion, nærmiljøanlegg	1438000205	Bremanger stadion	Bremanger IL	2017 - fornya
Kolset nærmiljøanlegg, kunstgras, løpebane, hoppegrop, tennis og utetreningsapparat.	1438001404	Kolset oppvekst	Leirgulen IL	2019 - utbetalt
Trappeløype Kalvåg	1438009201	Kalvåg	Kalvåg bygdelag	2017 – ikkje

				søkt
Sveahaugane leikeplass	1438004101	Kalvåg	IL Frøy	2017 – ikkje søkt
Rehabilitering ballbinge Svelgen	68481	Svelgen oppvekst		2022 – tilskot
Nærmiljøanlegg Hauge skule	26749	Hauge	Bremanger kommune	2023
Rehabilitering nærmiljøanlegg Bjørsvika	64146	Hauge	Bremanger idrettslag	2023
Kiosk/lagerbygg Kolset nærmiljøanlegg	54753	Kolset	Leirgulen idrettslag	2023
Frisbegolfbane Botnane	80523	Botnane	Botnane og Årebrot grendelag	2023

Nærmiljøanlegg kan rullerast inn årleg i handlingsprogrammet til kommunedelplan fysisk aktivitet, sjølv om ikkje anlegget er nemnt i planen.

Kapittel 10- Oversikt uprioriterte ordinære anlegg

Kva	Eigar
Lyssetting av idrett- og nærmiljøanlegg	Bremanger kommune/ lag og organisasjoner
Lyssetting av turstiar og skiløyper	
Svømmeanlegg Svelgen	STIF

Kjelder

Notat frå oppstartsmøte mai 2016 og workshop med ungdomsskuleelevane september 2016

Innspel til kommunedelplan fysisk aktivitet innan fristen 1. oktober 2016

Innspel til høyring av kommunedelplan fysisk aktivitet innan 20. november 2016

Helse- og omsorgsdepartementet - Fysisk aktivitet

Kulturdepartementet – Føresegner om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet 2015

Sogn og Fjordane Fylkeskommune – Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014 – 2017